



Bergen Luftteknikk AS  
Hardangervegen 72  
Seksjon nr. 24  
5224 NESTTUN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/427 - 14/18788

Saksbehandlar:  
Erik Knag Johannesen  
erik.knag.johannesen@meland.kommune.no

Dato:  
01.12.2014

## Branntettingar i Meland Rådhus

Viser til tidlegare kommunikasjon i saka. Saka gjeld reklamasjon over manglande utførte branntettingar. Meland kommune har som ein minneleg løysing akseptert ein kostnad pålydande kr. 30.000,-.

Meland kommune kan ikkje sjå at det i møte 13.02.2014 vart avtalt at det var kommunen som skulle vidarefakturere heile kostnaden med branntettingane på Meland rådhus. Kommunen oppfatta det som avklart at det skulle gå faktura direkte frå Bergen Luftteknikk AS til dei andre partane i saka.

I etterkant har Bergen Luftteknikk AS bedt om at Meland kommune vidarefakturerer krava, jf. e-post av 11.10.2014. Det vist seg at det i samband med vidarefakturering har vore tidkrevjande å få avklart spørsmål rundt handtering av meirverdiavgiften.

For å komme vidare i saka, set kommunen følgjande vilkår:

Ein vidareending av fakturakravet til dei involverte partane ifrå kommunen, fordrar at Dykkar krav i faktura 8473 først kan gjerast opp etter at dei andre partane har gjort opp for seg overfor kommunen.

Det har ved nærare gjennomgang av dei framlagte listar over utførte tettingar, vist seg at tal tettingar ikkje er korrekt. Det går fram av grunnlaget at det er 163 dobbeltsidige tettingar som er utført, men på første side i grunnlaget er dette talet endra til 160. Deretter vert det opplyst om at det reelle talet er 322 tettingar ettersom tettingane er dobbeltsidig, men dette talet stemmer ikkje med 160 eller 163 tettingar. Etter gjennomgang av rapporten ser kommunen at tetting nr 58, 59 og 67 ikkje er utførte tettingar. I tillegg er kommunen svært skeptisk til tetting nr 126 ettersom tømmer etter kontrakta ikkje skulle utføre tettingar, og det heller ikkje er indikert eit bilete eller mangel på bilete når det gjeld denne tettinga. Det bes derfor om at faktura 8473 krediterast og ny korrigert faktura og grunnlag vert tilsendt kommunen.

Kommunen ser ovannemnte vilkår som rimelege og absolutt for ein slik løysing.

---

### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

### Kontakt

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

For ordens skyld avviser vi Dykkar faktura 8473 i sin heilhet, med grunngjeving i det ovanfor nemnde.

Høyrer frå Dykk på det ovannemnde.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Erik Knag Johannesen  
bygg- og eigedomsforvaltar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakere:**

Bergen Luftteknikk AS

Hardangervegen 5224  
72

NESTTUN